



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/20985-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.02.2021

Dispensasjonssak oversendt fra Statsforvaltaren i Vestland – søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav til opparbeiding av fortau – gnr. 138 bnr. 21 – Alver kommune.

Statens vegvesen har den 02.02.2021 fått oversendt ei dispensasjonssak frå Statsforvaltaren i Vestland. Saka gjeld søknad om dispensasjon knytt til eit bustadprosjekt i Alver kommune, gnr. 138 bnr. 21. Brevet frå Alver kommune er dagsett 12.01.2021 med 4 vekers uttalefrist.

Etter det vi kan sjå har kommunen sendt saka til fleire høyringsinstansar men ikkje til Statens vegvesen. Jfr. PBL § 19-1 skal statlege myndigheiter om eit saksområde vert direkte råka, få moglegheit til å uttale seg før det vert gjeve dispensasjon frå planer, plankrav og forbodet i § 1-8. Denne dispensasjonssøknaden gjeld tilhøve på kommunal tilkomstveg fram til 36 bustadar på gnr. 138 bnr. 21. Statens vegvesen er sektormynde med eit overordna ansvar for trafikktryggleik på alt offentleg vegnett. Vi har difor uttalerett i saka.

Saka gjeld

Av høyringsbrevet går det fram at saka gjeld søknad om dispensasjon i frå vedtatt reguleringsplan for Tveiten, gnr. 138 bnr. 11 (planID 1263-22112006.) Prosjektet er i sluttfasen og det er søkt om, og gjeve mellombels bruksløyve for heile prosjektet. Ved søknad om ferdigattest vart det avdekket avvik på tilkomstvegen både i bredda og siste del av vegen fram til kryss med fylkesveg 5476 som ikkje er fullført. Det vert no søkt om dispensasjon i frå gjeldande reguleringsplan med omsyn til desse krava.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Tveiten gnr. 138 bnr. 11 plan-id 1263-22112006 er definert som bustadblokk, tilkomstveg og tilhøyrande uteopphaldsareal.

Uttale

I søknaden heiter det mellom anna «*Infrastruktur er ikke opparbeidet i samsvar med gjeldende reguleringsplan (planID 1263-201104), men iht. omforente tilpasninger av og løsninger gjort i prosjekteringsfasen. Omforent i den forstand at tilpasninger av vei og fortau er beskrevet av veimyndighetene og etter prosjektering godkjent av de samme veimyndighetene, men det ble ikke søkt om endring ovenfor etat for byggesak. Vei og fortau ble ikke prosjektert som del av reguleringsplanarbeidet.*»

Søknaden om dispensasjon er mangelfullt opplyst. Statens vegvesen saknar eit kart som viser forskjellen mellom opparbeidd og regulert løysing. Kartet som er vedlagt søknaden manglar bredder på fortau og veg. I søknaden er det mellom anna vist til at det etablerte fortauet er prosjektert og utført med bredde på 2,0 meter. Etter det vi kan sjå er det i reguleringsplanen for Tveiten lagt opp til eit fortau med bredde på 3,0 meter.

Statens vegvesen har vore på synfaring og ser at vegen nokon stader i bakken ned mot Alver brygge er så smal at køyretøy med ein viss storleik ikkje kan møtast. Veganlegget framstår som meir eller mindre ferdigstilt. Dispensasjonssøknaden er i stor grad basert på dette faktumet og det vert vist til omsyn som overvatn, rasfare og ynskje om å ikkje gjere inngrep i naboeigedomar.

Statens vegvesen er kritisk til at det er gjort større endringar og tilpassingar av ei regulert vegløysing utan at dette har vore handsama som dispensasjon eller reguleringsendring etter plan- og bygningslova (PBL) med krav om tilhøyrande dokumentasjon og høyring.

Kyrkjevegen er i ROS-analyse utarbeidd i samband med Tveiten Garveritomta, omtalt som farleg skuleveg. Av reguleringsføresegnene til sistnemnde plan, pkt. 2.3.4. går det fram eit krav om utbetring av vegen ned til tomta og etablering av fortau langs Kyrkjevegen frå krysset ved Alversund kyrkjelydshus til planområdet før betongarbeidet for bustadene kan starta.

Denne føresegna var meint å skulle ivareta trafikktryggleiken langs kommunal veg i ei omfattande anleggsfase. Ut frå vegfoto ser vi at trafikktryggleiken ved anleggsområdet ikkje var tilstrekkeleg ivaretatt i denne perioden. Fortauet langs Kyrkjevegen var ikkje etablert før anleggsperioden tok til. Vi kan ikkje sjå anna enn at også dette representerer ein sakshandsamingsfeil.



Figur 1 Bilde frå Google Maps

Det vert no søkt om dispensasjon frå kravet om å opparbeide siste del av tilkomstvegen, 50 meter med fortau frå utkøyrsla til kyrkja og fram til kyss inn på fylkesveg 5476. Grunnen til dette er at ein vil unngå å øydeleggje drensøyret som går under avkøyrsla. Etter det Statens vegvesen kan sjå er det på dette strekket ikkje samsvar mellom løysingane vist i reguleringsplanen for Tveiten og nyare områderegeringsplan for Alversund vedtatt i 2018. I sistnemnde plan er det ikkje lagt opp til vidareføring av fortau på denne sida av fylkesvegen.

Vi er på bakgrunn av dette usikre på om reguleringsplan for Tveiten med krav om fortau framleis er den gjeldande på dette strekket. Områderegeringa legg ikkje opp til at fortau skal vidareførast langs fylkesveg på denne sida. Det viktigaste må vere at fotgjengarar på ein tydeleg måte vert leda over på tilbodet det er lagt til rette for i områdeplanen. På grunn av snø på tidspunkt for synfaring, var det for vegvesenet vanskeleg å vurdere om gang- og sykkeltilbodet i områdeplanen er ferdig opparbeidd her. Alver kommune må gjere ei heilskapleg vurdering på dette punktet og sjå desse planane i samanheng.

Oppsummering

I denne saka er ein kommunal veg i praksis ferdig utbetra før det vert søkt om dispensasjon frå krav i vedteken reguleringsplan. Statens vegvesen er ikkje nødvendigvis einige i søkjar si oppfatning om at denne måten å gjere det på har resultert i ein optimalisert vegsituasjon.

Dersom behova for endringar hadde vore handsama innanfor plan- og bygningslova sitt regelverk, ville utfordringar knytt til gjennomføring blitt synleggjort på eit tidleg tidspunkt. Dette ville representert ei mogelegheit for å vurdere ulike omsyn opp mot kvarandre i eit heilskapleg perspektiv.

Statens vegvesen er kritisk til prosessen men ser at terskelen for å kunne endre på tiltaket i ettertid i praksis er høg. Jfr. PBL § 1 har kommunen eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at det enkelte tiltak vert utført forsvarleg.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN